



FJELL KOMMUNE



Visjon Ågotnes



Plansmearbeidet 2016 - 2017

Visjon-Ågotnes: Nyskappingsbygda! Staden der folket brenn for blå, grønne og fargerike verdier!

Kva er det unike ved Ågotnes? Kva er ressursane og kvalitetane? Korleis kan vi ta i bruk det unike til å skape attraktivitet for folk og næringsliv? Korleis kan vi samarbeide for å ta det unike/ressursane i bruk og slik nå felles mål? Kva for ansvar må ulike utviklingsaktørar ta for å lykkast?



Fjell kommune

Kontaktinformasjon:

Postadresse: Pb. 184, 5342 Straume

Telefon: 5509600

Nettside: www.fjell.kommune.no

Epost: postmottak@fjell.kommune.no

Deltakarar i plansmearbeidet:

Marianne Bjørøy, Ordførar

Tom Georg Indrevik, Varaordførar

Henning Ekerhovd, leiar komite for plan og utbygging

Kaja Endressen Bertheussen, Ungdomens kommunestyre

Hege Misje, Sotralista

Ingunn Stenehjem, Fremskrittspartiet

Berit Karin Rystad, Plan og utbyggingssjef

Kenneth Bruvik, Sotra og Øygarden JFF

Terje Strandtun, Landbruksnemnda

Rolf Henriksen, Fjell kystlag

John Egil Sørensen, Idrettsalliansen

Mona Vindenes, Velforeiningane

Ronny Haufe, CCB

Thor Vidar Nilsen, Rema 1000 Ågotnes

Kjell Rune Garlid, Sotra Trelast/Eigedomsutviklar

Tor G. Støen, Torsbygg Eigedom AS/Eigedomsutviklar

Gunhild Raddum, Hordaland fylkeskommune

Grafisk utforming: Kjell Andersland



Ågotnes terminal
Foto: Kjell Andersland

Innhald


Bakgrunn	3
Plansmia – samansetning og mål for arbeidet	4
1. Kva er det unike/særprege ved Ågotnes? (Kva er ressursane og kvalitetane?)	7
2. Korleis kan vi ta i bruk ressursane til å skape attraktivitet for folk og næringsliv?	9
3. Korleis kan vi samarbeide for å ta ressursane i bruk? Ein samarbeidsmodell for framtidig utvikling av Ågotnes	13
4. Kva for ansvar må ulike utviklingsaktørar ta for å lykkast?	14
Kort summert – visjon Ågotnes:	15
Kva for verknad har dette visjonsnotatet – vegen vidare.	16

Bakgrunn

I 2013 vedtok Fjell kommune ny kommunedelplan for Ågotnes (KDP). I planomtalen heiter det at Ågotnes skal utviklast til eit heilskapleg og attraktivt lokalsenter med tydeleg identitet og kvalitet. Ågotnes skal styrkast, «både som sentrum nr 2 i kommunen og som regional-, nasjonal- og internasjonal næringsklynge».

I sak 15/16 har kommunestyret vedteke at kommunen skal ha ei aktiv og koordinerande rolle for å følgje opp føringar lagt i KDP. Fleire reguleringsplanar (Rp) er under arbeid; Rp ny Fv 561 (offentleg plan), Rp sentrumsområde (S1 og S4, privat plan), Rp KB2 Kvednatunet (privat plan), Rp Landrovegen bustad (privat plan) og Rp for hovudreinseanlegg i Nordre Fjell (offentlig plan). Desse reguleringsplanane er heilt sentrale for den fysiske utviklinga av Ågotnes, men det er pr. dato ei kommunal utfordring å sikre at kvar einiskild detaljplan resulterer i heilskap, m/kvalitet, identitet og attraktivitet; både for innbyggjarane og næringslivet (jf. KDP). Fjell kommune har difor invitert offentlege og private utviklingsaktørar, lokalt næringsliv og frivillige lag/organisasjonar til dialog/plansmie for saman å utvikle ein fellesvisjon, -forståing og -ansvar for utviklinga av Ågotnes.

Parallelt med plansmiarbeidet har alle innbyggjarar, nabolag, velforeiningar, lag, organisasjonar osv. vore invitert til å ta i bruk e-verktøyet MyCity¹. MyCity er eit kartverktøy der absolutt alle med engasjement for lokal-samfunnsutviklinga på Ågotnes, kan få brukartilgang og sjølv lansere idear og markere forslag til aktivitetar og tiltak direkte på eit kart. Innbyggjarane kan også gi si tilslutning til ideane ved å «like» dei (Figur 1).



Figur 1. Innspel til idear og tiltak på MyCity Ågotnes. Størrelsen på ringane indikerer at fleire har likt og støtta forslaget. Sjå <http://agotsnes.mycity.io/>

¹ MyCity er nytta i samarbeid med Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.

Plansmia – samansetning og mål for arbeidet

Ved sida av brei medverknad gjennom MyCity, har Plansmia arbeidd med idear til korleis utvikle Ågotnes. Plansmia har hatt 17 deltakarar. Fjell kommune har vore representert med ordførar, varaordførar, komitéleiar for plan- og utbygging og to representantar frå opposisjonspartia. I tillegg har plan- og utbyggings-sjefen delteke. Lokalt næringsliv har hatt tre deltakarar, utbyggjarinteressene har hatt to, frivillige lag har hatt fire, og ungdomen har vore representert ved ungdomens kommunestyre (UKS)². Hordaland fylkeskommune v/samferdsleavdelinga har også delteke. Denne samansettinga byggjer på ei erkjenning av at *alle* desse utviklingsaktørane *må samarbeide for å nå målsettinga i KDP Ågotnes*.

Plansmia har hatt to dagsamlingar. Samlingane og dialogarbeidet har vore leia av Høgskulen for landbruks- og bygdeutvikling (HLB). HLB har også levert eit utkast til visjonsdokument³. Utkastet vart grundig drøfta i eige plansmiemøte 14. mars 2017. Drøftingane signaliserte behov for å omarbeide HLB sitt utkast. Dette «Visjon-Ågotnes-notatet» søkjer difor å samanstillе innspel frå plansmia, MyCity samt dei delane av førelagt arbeidsrapport frå HLB som plansmiedeltakarane kan einast om. Såleis er notatet eit omforeint verktøy for det vidare samarbeidet kring utviklinga av Ågotnes.




Figur 2: Plansmia Ågotnes (Foto: Eli Janette Fosso)

² Heile ungdomens kommunestyre har vore aktivt involvert i plansmiearbeidet, bl.a. ved å arbeide med forslag til tiltak og utvikle ein logo for Ågotnes. Logoarbeidet er ikkje avslutta.

³ Utkast til visjonsdokument levert av HLB, vert heretter kalla arbeidsrapport.

Samanhengen mellom KDP Ågotnes, plansmiearbeidet og dette notatet kan framstillast slik:



Figur 3. Tidslinje med samanhengen mellom mål i KDP, mål for plansmia og dette visjonsnotatet.



Figur 4: Ungdomens kommunestyre arbeider med logo for Ågotnes (Foto Lena Garnes).

Plansmiearbeidet har svart på 4 spørsmål (jf. figur 3):

1. Kva er det **unike/særprega** ved Ågotnes? (Kva er **ressursane** og **kvalitetane**?)
2. Korleis kan vi **ta i bruk** ressursane til å skape **identitet og attraktivitet** for folk og næringsliv?
3. Korleis kan vi **samarbeide** for å ta ressursane i bruk og slik nå felles mål?
4. Kva for **ansvar** må ulike utviklingsaktørar ta for å lykkast? (og slik nå målsettinga i KDP)



1. Kva er det unike/særprega ved Ågotnes? (Kva er ressursane og kvalitetane?)

Å finne det unike ved Ågotnes, handlar om å identifisere viktige ressursar, kvalitetar og forteljingar om folket og staden, for slik å kunna peika ut det særmerka. Det særmerka handlar om identitet, og er ein ressurs som kan nyttast i lokal verdiskaping (økonomisk, sosialt og kulturelt) og i utvikling av lokalsamfunnet (sosialt og i fysisk utforming).

Lokal identitet og stadlege kvalitetar/ressursar kan også danna grunnlag for ein samlande visjon. Ein god visjon for Ågotnes må vera utforma slik at den fortel noko om veremåten til menneska og lokale utviklingsaktørar. Visjonen må samstundes vera noko som desse aktørane *kan strekkja seg mot*, og slik få innverknad på *fysisk utforming* (t.d. kvalitet i sentrumsutvikling, miljøgate, torg, bygningskonstruksjonar osv.) og *samfunnsutviklinga* på staden (t.d. fleire fritidsaktivitetar, møtestader, fellesskapsarrangement osv.).

Plansmia har peika ut fire viktige ressursar og kvalitetar ved Ågotnes:

- A. Det lokale næringslivet og den internasjonale næringsklynga.
- B. Forteljingar kring strilakulturen (jf. t.d. kystlaget).
- C. Nærleik til naturen og sjøen. Natur/sjø handlar også om identitet og møteplassar⁴.
- D. Kulturlandskapet (fiskarbondens landskap) – viktig å ta vare på og nytta i lokalt identitetsarbeid/ lokal verdiskaping.

Plansmiemedlemene utdjupa desse ressursane med ord som: Stril, omstilling, sjø, kyst, natur, følelsar, pusterom til folk som skal bu, bygd, kulturlandskapet, vidareføring, kontinuitet, historie, nysgjerrigheit, mot, nyvinning, teknologi, løysingsorientert og arbeidsplassar.

Arbeidsrapporten frå HLB gjorde eit poeng av at Ågotnes framstår som særprega ved å vera ein kontrastfull stad, - mellom «bygd og industri», men *medlemene i plansmia var tydelege på at Ågotnes heller er uttrykk for kontinuitet av identitet og kystkultur*. Den maritime næringsklynga er difor eit uttrykk for kystkultur/strilakultur i «ny form», og *bryt ikkje* med bygde- og strilaidentiteten. Næringsklynga representerer heller historie og kultur, samt strilafolket si nysgjerrigheit og «teft» for *nyskapande aktivitetar* og arbeidsplassar.

I fysisk utforming, derimot, kan Ågotnes opplevast som kontrastfull og med klare fysiske stilbrot. Fylkesvegen, t.d. «stykkar opp» staden. Næringsklynga ligg midt i lokalsamfunnet, omkransa av bustadfelt, vegnett, gang- og sykkelsti, offentleg tenestyting, kyst, lynghei og innmark. Desse kontrastane kan likevel ikkje overførast til noko særmerka ved Ågotnes og stadidentiteten.

Ulik oppleving av kva Ågotnes er, har skapt ei form for sjølvkjenning i plansmia. Dvs. at «folket» kanskje har hatt ein tendens til å «snakke seg sjølv/staden ned». Når lokalsamfunnet sine ressursar ikkje vert framsnakka, let ein andre definere kva Ågotnes er! Er t.d. Ågotnes ein kontrastfull eller ein kontinuitetsberande stad? Er Ågotnes ein stygg eller fin/identitetsberande stad?

Strilen er forviten, næringa er forviten! Kva er det neste? Nysgjerrigheit, nyskaping og omstillingsevne.

Fysisk utforming = kontrast og stilbrot.

Men kven avgjer om dette er fint eller stygt? Er det dei som kjem utanfrå, eller dei som bur på staden?

⁴ Idrettsalliansen sin innsats for lokalsamfunnet (jf. igangsetting reguleringsplan m/ idrettsaktivitetar og turløyper) vert her trekt fram som viktig. Likevel er det tydeleg behov for fleire fritidsaktivitetar/møteplassar enn idretten. Dette gjenspeglar seg også på «MyCity».



Ein stad å gjera og ein stad å vera

Plansmia, innspel på MyCity (<http://agotsnes.mycity.io/>) og arbeidsrapporten frå HLB peikar på at Ågotnes ber preg av å vera ein stad «å gjera», dvs. ein stad som folk kjører til/frå arbeidsplassen, parkerer bilen for å handle, kjører vidare osv. «Vere-staden», dvs. stader der folk kan opphald seg, setje seg ned, møte andre, drive fritidsaktivitetar (idretten er unntak), fellesskapsaktivitetar (som juletre/julegateopning på torget) osv. er lite utvikla. I det vidare utviklingsarbeidet på Ågotnes er det difor stort behov for å *satse meir på «vere-stader»*; både i sosial og fysisk form.

Innspel på MyCity gir fleire dømer/behov. Bl.a. vert det foreslått å gjera torget om til møteplass for folk heller enn bilar (jf. den største røde ringen på figur 1), utvikle møtestader for eldre og for dei unge som ikkje er knytt til idrettslaget, og å ferdigstille turløyper m/tilgang til gamle-Ågotnes mm (<http://agotsnes.mycity.io/>).

Plansmia er også samde om at *ressursgrunnlaget* (jf. pkt. 1-4 og samansetninga av bileter) i *større grad bør framsnakkast, visast og nyttast i lokalt identitets- og utviklingsarbeid*. Unge og tilflyttarar, t.d. kjenner ikkje til Ågotnes sine ressursar og historie. Spørsmålet er då korleis ressursane kan synleggjerast og brukast?



Figur 5: Fire bilete som representerer ressursane og det særprega ved Ågotnes.

Å vera «nysgjerrig» og «nyskapande», må snakkas høgt om, visast og nyttast med stoltheit!

2. Korleis kan vi ta i bruk ressursane til å skape attraktivitet for folk og næringsliv?

Ut frå plansmearbeidet er det ganske klart at *Ågotnes manglar eit lokalt system for å ta det særprega ressursgrunnlaget i bruk til vidare utvikling av staden*. Nokre samarbeidsrelasjonar/-system er etablert og dei er gode! Kystlaget t.d., hevda at dei ikkje hadde «eksistert» utan CCB som samarbeidspart. Samstundes peikar ungdomsrepresentanten i plansmia på at det er *behov for å nytta dei verdifulle lokale ressursane til identitetsskaping og -læring*. Dvs. at dei unge (og nye tilflyttarar) treng ein *møteplass for å lære* meir om t.d. nyskapinga på CCB, om strilakulturen og kystlandskapet. Spørsmålet er då korleis dei *aktørane som forvaltar ressursane* kan gjera desse meir tilgjengelege/*synlege gjennom samarbeid* med fleire/andre?

Tiltak for å ta i bruk det unike/dei lokale ressursane på Ågotnes:

Arbeidsrapporten frå HLB peikar ut seks moglege tiltak for å ta ressursane i bruk. Alle disse tiltaka er *tufta på at utviklingsaktørar samarbeider og tek ansvar*:

1. Identitets-/kvalitetsprogram for sentrumsutviklinga
2. Næringslivet som samfunnsutviklar
3. Mobilisere til meir deltakande kultur
4. Fellesskapsdannande aktivitetar
5. Tiltak for å ivareta kulturlandskapet
6. Fleire møtestader

Tiltak 1 handlar om samarbeid og ansvar for å sikre at staden sin identitet får konkret betydning for den fysiske sentrumsutviklinga. Fysisk utforming (som kan vera gatestruktur, bygningar, benkar, kunstinstallasjonar, forbindelsesliner til natur/sjø osv.) må såleis spegle og uttrykkje «nyskapingkulturen», «strilakulturen», «sjø/natur» og «fiskarbondens landskap» osv. (jf. dei fire viktige ressursane/kvalitetane og kontinuiteten i Ågotnes sin identitet).


Arbeidsrapporten frå HLB uttrykkjer dette slik: «*Dei mange ulike historiene, tradisjonane og uttrykka (...) som utgjer Ågotnes, bør aktivt visast fram og danna premiss for den vidare fysiske utviklinga av sentrum*. Her er mange ulike historier å fortelja; om fiskarbonden og strilen, om oljestrilen, om basen, om Gamle Ågotnes, om idretten, om gjere-staden, og, ikkje minst om vere-staden».

Mål for vidare arbeid er difor å inngå:

Mål: Forpliktande samarbeid som sikrar at staden sin identitet/det særprega vert ivaretatt og uttrykt gjennom **eit fysisk kvalitets-/identitetsprogram for sentrumsutviklinga**.

Samarbeid: Fjell kommune, eigeidomsutviklarar, Hordaland Fylkeskommune, Statens vegvesen mfl.

Ansvar: Fjell kommune.



Ågotnes kai
Foto: Kjell Andersland

Tiltak 2: Det lokale næringslivet er pr. dato viktige bidragsytarar til samfunnsutviklinga på Ågotnes (t.d. samarbeid mellom CCB og Kystlaget, sponsorverksemd osv.). Denne praksisen vil dei fortsetja.

Mål: Lokalt næringsliv skal fortsatt vera ein god samarbeidspart og støttespelar for lag, organisasjonar og foreiningar som driv utviklingsarbeid med samfunnsnyttige formål.

Samarbeid: Lokale næringslivsaktørar, frivillige lag/organisasjonar og Fjell kommune

Ansvar: Lokalt næringsliv

Tiltak 3 og 4: Ein tredje måte å ta dei lokale ressursane i bruk, er å utvikle ein meir deltakande kultur (jf. også tiltak 4). Arbeidet i plansmia har bl.a. vist at svært grunnleggjande og enkle fellesskapsdannande aktivitetar manglar på Ågotnes. Eksempel, som juletre med påfølgjande felles tenning eller ei oppslagstavle med oversikt over kva som skjer av aktivitetar, er nemnde. På MyCity (<http://agotsnes.mycity.io/>) vert det føreslått «ein krok» på senteret eller på torget, der t.d. lokalt handverk og mattradisjon kan visast/seljast (jf. også tiltak 5). Det vert også foreslått å gjere torget til ein møtestad for folk, altså ein «vere stad» for møter mellom menneskjer og fellesskapsdannande aktivitetar⁵ (t.d. utekafé, leikeplass, benkar, juletre, torgdag osv.).

Nærmiljøutvalet har spelt inn fleire forslag til fellesskapsaktivitetar som dei vil ta ansvar for. Dei skriv: Juletretenning! Fleire bygder har fakkeltog første adventshelg. Då kan det organiserast fakkeltog frå t.d. Kårtveit, Landro, Vindenes og Ågotnes. Så kan vi møtast til samlingspunkt på torget, der julegrana vert tennt⁶. Kanskje kan julegran og julelysdekorasjonar tennast i eit større område, som på næringsbygga rundt om kring? Står det juletre på eit næringsområde, som på eit av dei høge områda i CCB-landskapet, kan vi skape ein «VI-FØLELSE» mellom (offshore)-næringa og bebuarane.

⁵ Jf. Innspel på MyCity vert det også signalisert behov for litt overbygg/tak på bygningane rundt torget som skjermar for regn/vind.

⁶ Alternativ og gratis parkering kan organiserast/tilbydast i tilknytning til slike fellesskapsarrangement.

Nærmiljøutval ynskjer også å samarbeide med barnehagen for å kunne lage ei årlig «mini- pepperkakeby-utstilling.

Fellesskap og identitet kan også vakse fram ved å etablere eigarskap til tiltak og stad. T.d. har folket si tilknytning til sjøen og naturen vore eit viktig utgangspunkt for å mobilisere til strandryddedag⁷.

Nærmiljøutval tek no ansvar for å vidareføre/realisere desse aktivitetane:

Mål: Å jamleg arrangere og invitere til fellesskapsdannande aktivitetar, deriblant mini-pepperkakeby og tenning av juletre på Ågotnes Torg

Samarbeid: frivillige lag og organisasjonar, nærmiljøutval, barnehagar, næringsliv/handelsnæringa, huseigarar og Fjell kommune

Ansvar: Nærmiljøutval og frivillige lag og organisasjonar

⁷ Nærmiljøutvalet skriv: Årets aksjon 6.mai engasjerte mange. Kanskje kan bygdene her nord organisere ein fellesinnsats, og få hjelp av næringslivet? Døme: På Vindenes var det Sotra Anchor & Chain som spanderte grilling og brus, samt sørgja for at containerar var bestilt og utplassert, mens velforeininga organiserte småbåtar og folk til å rydde. Kan dette gjerast større? Kan ein felles avslutning være på CCB-området, med transport av folk dit etter innsatsen, invitere til grilling, skrytetaler osv.?



Ved Kvednatunet
Foto: Monica Hovland

Bergen og Omland friluftsråd (BOF) og Sotra og Øygarden Jeger og fiskeforbund samarbeider om eit viktig prosjekt for å utvikle Kårtveitpollen. Dette utbetningsarbeidet kan gjera Kårtveitpollen til eit endå viktigare friluftsområde og møtestad. I henhold til godkjente planar skal det byggjast ein Gapahuk med bål plass/grillplass for skoleklassar og grupper. Stupetårnet skal utbetrast og badeplassen skal utformast universelt slik at rullestolbrukarar får tilgang til

Mål: Å oppgradera Kårtveitpollen som friluftsområde og møtestad på Ågotnes

Samarbeid: Bergen og Omland friluftsråd (BOF) og Sotra og Øygarden Jeger og fiskeforbund

Ansvar: Bergen og Omland friluftsråd (BOF) og Sotra og Øygarden Jeger og fiskeforbund

Tiltak 5: Gamle Ågotnes med kringliggjande kulturlandskap, formidlar viktig lokalhistorie og identitet, og må difor vedlikehaldas og synleggjerast. Tiltak som sikrar at dette kulturlandskapet vert ivareteke bør såleis utviklast. Som eit startpunkt skal Fjell kommune slutføra det gjenomgåande turdraget frå Kvednaten til Gamle Ågotnes/sjøen. Turstien vil kunne opne for at folk naturleg kan trekkje mot sjøen, kaien, naustmiljø og kulturlandskap.

Tradisjonelt har kaien/sjøen vore viktige møteplassar for folk langs kysten. Difor ivrar kystlaget for at den gamle kaien vert sett i stand slik at den kan nyttast som møteplass (jf. tiltak 6), til marknadsplass for sal av fersk fisk,

Mål: Å gjera gamle kaiområdet på Ågotnes og Hengjo på Vindenes til ein møteplass for fellesskapsaktivitetar og identitetsformidling. Fremma samarbeidstiltak for å pleie og nyttiggjera seg kulturlandskapet; både som beiteområde og friluftsområde.

Samarbeid: : Kystlaget, Notloftets vener, landbruksnemnda m/faglag, grunneigarar, lokalt næringsliv og Fjell kommune

Ansvar: Kystlaget, Notloftets vener og landbruksnemnda

sjøen. Rampen for sjøsetjing av båtar skal utbetrast, og det skal byggjast ei flytebrygge for BOF sine servicebåtar. Flytebryggja kan også nyttast til utsetjing av kajakkar.

BOF i samarbeid med Sotra og Øygarden Jeger og Fiskeforbund, arbeider aktivt for å realisere desse planane:

reker, skaldyr, bondens marknad, identitetsformidling (jf. tiltak 1) og fellesskapsarrangement (jf. tiltak 4).

Notloftets venner (Hengjo på Vindenes) vil også samarbeide med kystlaget og andre engasjerte for å invitere til treff på Notloftet. Notloftet egna seg som samlings-, lærings- og formidlingsstad for både unge og vaksne⁸.

Landbruksnemnda forslår også samarbeidstiltak for å pleie og nyttiggjera seg kulturlandskapet; både som beiteområde, friluftsområde og «kulturskatt» for Ågotnes og Nordre Fjell. Kystlaget, Notloftets vener og Landbruksnemnda vil arbeide for å realisere desse tiltaka:

⁷ Nærmiljøutvalet skriv: Årets aksjon 6.mai engasjerte mange. Kanskje kan bygdene her nord organisere ein fellesinnsats, og få hjelp av næringslivet? Døme: På Vindenes var det Sotra Anchor & Chain som spanderte grilling og brus, samt sørgja for at containerar var bestilt og utplassert, mens velforeininga organiserte småbåtar og folk til å rydde.

Kan dette gjerast større? Kan ein felles avslutning være på CCB-området, med transport av folk dit etter innsatsen, invitere til grilling, skryttaler osv.?

⁸ I oktober vil det verta arrangert ein «vaksenkveld» for å ha generalprøve på korleis ein kan nytta Hengjo til formidling og arrangement..



Kårtveitpollen
Foto: Bergen og Omland Friluftsråd

Tiltak 6: Plansmia og innspel på MyCity peikar også på stort behov for å utvikle *fleire lokale møtestader* enn det gode og viktige tilbudet som finst gjennom idretten (jf. også tiltak 3 og 5). Idrettsalliansen vil fortsatt arbeide for å fremma brei deltaking i idretten. Ågotnesdagen t.d. vil vera eit årleg familiearrangement (i august) der dei ulike idrettslaga får synt fram sine tilbod og aktivitetar.

For å gjera tilbod retta mot unge breiare, har Fjell kommune vedteke å opne ungdomsklubb/ aktivitetshus i det

Mål: Opne ungdomsklubb/aktivitetshus på Ågotnes i 2018.

Samarbeid: Fjell kommune, næringsliv og frivillige lag/organisasjonar.

Ansvar: Fjell kommune saman med lag/organisasjonar.

gamle helsehuset på Ågotnes. Det er difor sett i gang prosess for å kartlegge behov og type aktivitetar som treff eit mangfald av ungdomen⁹.

Frivillige lag, organisasjonar og lokalt næringsliv er viktige samarbeidspartar i ungdomsklubb-/aktivitetshusarbeidet. Kystlaget og Notloftets vener har allereie stilt seg positiv til å utvikle tilbod knytt til læring og formidling av «strilakultur»¹⁰.



Figur 6: Ungdomsklubb og aktivitetshus på Ågotnes

⁹ 4. mai var frivillige lag og unge samla til idedugnadsmøte på Tranevågen skule.

¹⁰ På idédugnadsmøte knytt til opning av Ungdomsklubb/aktivitetshus 4. mai, var det fleire lag og organisasjonar som kom med forslag til aktivitetar dei ynskjer å utvikle og tilby i aktivitetshuset/ungdomsklubben. Kulturavdelinga i Fjell kommune tek dette vidare i form av ein samarbeidsavtale med dei aktuelle tilbydarane.

Figur7: Arbeidsverkstad for å finna gode idear til aktivitetar i ungdomsklubben/aktivitetshuset på Ågotnes. (Foto Lena Garnes)



3. Korleis kan vi samarbeide for å ta ressursane i bruk? Ein samarbeidsmodell for framtidig utvikling av Ågotnes


Dei tiltaka som er nemnt i dette notatet, har ein ansvarstakar og er allereie i prosess. Nye tiltak kan også utviklast. Plansmearbeidet og innspel på MyCity har såleis generert målsettingar og tiltak, etablert samarbeid og ansvar som i sum fremmar fellesskap, identitet og samfunnsutviklinga på Ågotnes. Denne **samarbeidsmodellen byggjer på ein deltakande kultur, der mange aktørar engasjerer seg og tar ansvar**; - både for samfunnsutviklinga og den fysiske utforminga av Ågotnes! (figur 8).

For å ta denne samarbeidsmodellen aktivt i bruk, har plansmia foreslått å oppretta eit dialog-/samarbeidsforum for det vidare utviklingsarbeidet på Ågotnes. Dialogforumet vil vera ei vidareføring av plansmia, men med rom for å hente inn andre aktørar enn dei som så langt har delteke. Møtefrekvens vert fastsett etter behov.

Mål: Opprette eit dialogforum for utviklingsarbeidet på Ågotnes.

Samarbeid: Fjell kommune, utbyggjarar, næringsliv og frivillige lag/organisasjonar.

Ansvar: : Fjell kommune.



Figur 8: Modell for samarbeid kring utviklingsarbeidet på Ågotnes.

4. Kva for ansvar må ulike utviklingsaktørar ta for å lykkast?

For å lykkast i arbeidet med å utvikle Ågotnes til «eit heilskapleg og attraktivt lokalsenter m/kvalitet, identitet og attraktivitet; både for innbyggjarane og næringslivet» (jf. KDP), er det mange aktørar som må samarbeide og ta ansvar. Tiltaksdelen av dette visjonsnotatet viser tydeleg kven som har teke **hovudansvaret** for dei **målsettingane og tiltaka** som er nemnt. Tiltaksdelen peikar også ut viktige **samarbeidspartar** som kan støtte opp om målsettinga, og slik bidra til å lykkast i arbeidet.



Foto: Kjell Andersland

Kort summert – visjon Ågotnes:

Plansmia og innspel på MyCity har peika ut **viktige ressursar** på Ågotnes, og desse ressursane er det viktig å **byggje vidare på** i samfunnsutviklinga og i den fysiske utforminga av lokalsamfunnet. Plansmia har difor utvikla **konkrete tiltak** som byggjer på staden sine ressursar og identitet.

Desse tiltaka vert no iverksette. Bak kvart tiltak står ein **ansvarleg** aktør, og denne aktøren vil **samarbeide** (jf. figur 8) med fleire for å lykkast i utviklingsarbeidet.


Ein felles visjon for det vidare arbeidet er:

Nyskappingsbygda – staden der folk brenn for blå, grønne og fargerike verdjar!

Nyskappingsbygda fortel noko om staden og folket slik den/dei *'har vore og ér i dag*, samt den kontinuiteten som har vore i staden sitt livsgrunnlag og i næringslivet¹¹.

Blå verdjar symboliserer korleis staden/folket har tatt, tar og vil ta sjøressursane i bruk til økonomisk verdiskaping. Grønt, fangar verdien av naturen, kystlandskapet/kulturlandskapet, samt det «grøne skiftet».

Det fargerike fangar mangfaldet, og det engasjementet som folket/plansmia/MyCity har for at alle aldersgrupper på Ågotnes skal ha eit meningsfylt tilbod/møteplassar på fritida. Det fargerike tar også opp i seg den dugnadsanda som finst i lokalsamfunnet (jf. t.d. strandryddedag osv.).



Kva for verknad har dette visjonsnotatet – vegen vidare.

Innleiingsvis i dette dokumentet har vi skissert ei tidslinje med samanhengen mellom kommunedelplanen for Ågotnes, målsettinga med plansmearbeidet og dette visjonsnotatet (figur 3). Målsettinga med plansmearbeidet har vore todelt:

- å forankra målsettingane sett i KDP, samt å utvikle felles forståing og engasjement for utviklinga av Ågotnes
- å identifisera lokale ressursar, ansvar og samarbeid kring utviklingsarbeidet

Dialog i plansmia, innspel på MyCity og arbeidsrapporten frå HLB har gitt grunnlag for dette visjonsnotatet. Notatet peikar ut viktige tiltak for **samfunnsutviklinga** på Ågotnes. Dei nemnte tiltaka er i prosess og fleire vil kunna utviklast og iverksetjast seinare (jf. samarbeidsmodellen og dialogforumet).

Plansmearbeidet og visjonsnotatet har også peikt ut det særmerka ved Ågotnes! Det særmerka handlar om identitet og den er knytt til sjøen, naturen, fiskarbonden og strilakulturen. I den vidare **fysiske utforminga** av lokalsamfunnet og sentrumsområdet er det viktig å ivareta folket og staden sin identitet. Dvs. at sentrumsutviklinga må spegle og uttrykkje den «nyskapingsskulturen», «strilakulturen», «sjøen», «naturen» og «kulturlandskapet» som er så viktig for staden. Eit av tiltaka vil difor vera å utvikla eit «identitets-/kvalitetsprogram for sentrumsutviklinga. Kvalitetsprogrammet skal legge føringar for heilskapleg kvalitet på tvers av reguleringsplanar i området,- og auke attraktiviteten både for innbyggjarane og næringslivet (jf. KDP).



¹¹ frå fiskarbonden/strilakulturen til den verdsledande næringsklynga/CCB-basen.



Ågotnes har vore og vil i lang tid vera ei teknologi- og nyskappingsbygd med store utviklingsmoglegheiter. Næringsliv, bumiljø og sentrumsutvikling skal utviklast i godt samspel med kvarandre.